



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Vestnes kommune
Kommunehuset
6390 Vestnes

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		16421/2010/U43	Thomas Williams, 71 25 81 82	30.03.2010

Ny behandling av søknad frå Villa Miljølaks AS 983442404 om klarering av ny lokalitet Dragneset i Vestnes kommune - endring til omsøkte anleggsposisjonar

Møre og Romsdal fylkeskommune viser til søknad frå Villa Miljølaks AS 983442404 om klarering av ny lokalitet Dragneset i Vestnes kommune. Villa Miljølaks AS ønskjer at søknaden blir vurdert på nytt med justerte anleggsposisjonar.

Søknaden fikk avslag frå Kystverket Midt-Norge 24.02.2010 på grunn av at plassering av anlegget vil være til hinder for sjøtraffikken i området. Villa Miljølaks AS har justerte sin planlagde plassering og ønskjer at søknaden blir vurdert på nytt med justerte anleggsposisjonar som er vedlagt.

Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer endringane til anleggsposisjonar som vesentlig nok til å krevje ein ny behandling frå Vestnes kommune.


Søknad med endringar blir sendt til Kystverket Midt-Norge, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Mattilsynet for nytt vedtak.

Fylkeskommunen ber om at De behandlar søknaden etter plan- og bygningslova og samstundes legg søknaden ut til offentlig ettersyn i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i med dette samband annonserast i Norsk Lysningsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. *Forskrift av 22. desember 2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret*, § 8)

Eventuelle merknader frå offentlig ettersyn og kommunens behandling av saka etter plan- og bygningslova kan sendast til Fylkeskommunen snarast råd.

Dersom noko er uklart i samband med søknaden, ber vi om at Dykk tek kontakt med saksbehandlar i Fylkeskommunen.

Med helsing



Frank Madsøy
ass. regional- og næringsssjef



Thomas Williams
trainee

Kopi:
Villa miljølaks AS

6392 VIKEBUKT